

BOKN BYGDABLAD

NR. 10 - DESEMBER 1997 - ÅRG. 12



God jul, kjære lesarar!	s. 2
Helsningar frå USA	s. 6
Kulturkalender våren 1998	s. 13
<i>Glimt frå Bokn 1954</i>	s. 20
<i>Stubbar og originale svar</i>	s. 23

GOD JUL, KJÆRE LESARAR!

Om nokre veker er også 1997 blitt historie.


La oss sjå tilbake på året som no går mot slutten. Året var berre eit par veker gammalt då kommunestyret gjorde vedtak om ny administrativ leiing i kommunen. Målet med omorganiseringa har vore for å få drifta meir effektiv med færre ledd og meir direkte linje mellom leiinga og innbyggjarane. Sjølv om det snart er eit år sidan prosessen starte, tek det enno ei tid før alt er på plass.

Nytt av året er også ny kyrkjelov og kyrkjeleg fellesråd som har fått eit større ansvar for drift av kyrkja og kyrkjegard. Dei ansvarlege for kyrkjedrifta har også hatt eit aktivt år på andre måtar med både bispevisitas og 150-års jubileum for Bokn kyrkje. I mars i år kom biskop Bjørn Bue til Bokn for å starte bispevisitasen i Tysvær prestegjeld. Men i det biskopen skulle gå inn til skulegudstenesta i kyrkja, segna han om. Han hadde fått eit kraftig infarkt og døydde nokre veker seinare.

Kyrkjejubileet blei markert med fleire arrangement i september, og mange i bygda var med på å gjera dette til ei flott jubileumsveke.


Ved skulestart etter sommarferien kunne rektor for første gong ønskja seksåringane velkomne som nye førsteklasingar. Med reform 97 tek ein no til i skulen når ein er seks år og går 10 år i grunnskulen.

Traseen for gassleidningen Europipe II gjennom Bokn kommune er enno ikkje heilt fastlagt, men Statoil har alt gjort ein del førebuande arbeid i



Knarholmen pr. 1.12

Foto: JH



Utbetring av eit farleg vegstykke pr. 1.12. Huset til Margit Alvestad til venstre. Foto: JH

påventa av ei avgjerdsle. Særleg opparbeidinga av industriområdet i Knarholmen er verdfullt for kommunen, men også utbetringa av vegane i Bokn er noko som kjem boknarar flest til gode. Stor takk til Statoil for det me har fått som kompensasjon for bruk av området i anleggsperioden og til Stangeland Maskin som har vore entreprenør og har gjort eit flott arbeid.


Desember og mørketid er også budsjettid. Administrasjon og politikarar har jobba seg fram til eit budsjett som gjer at det meste vert vidareført slik det er i dag. Men for åra framover ser det lysare ut enn på lenge. Både 1996 og 1997 har vore år med lite eller ingen ting til investeringar, men no kan vi tillate oss å vera meir optimistiske kva økonomien angår. I langtidsbudsjettet foreslår ein å fullføra ombygginga/utbygginga av Bokn skule og bygging av ny barnehage. Går det som planlagt vil 1998 bli eit år med stor aktivitet, men me får ta det som det kjem i den tida det står på.

Så vil eg ønskja dykk alle ei fredeleg jul og eit riktig godt nytt år.

Helsing frå ordføraren.



NYTT FRÅ
FORMANNSKAPET/KOMMUNESTYRET



ØKONOMIPLAN FOR BOKN KOMMUNE 1998 TIL 2001

FORMANNSKAPET SITT FORSLAG TIL INVESTERINGAR.

Formannskapet har føreslått å investera ialt kr. 17.074.000,- i perioden 1998 - 2001.
Dei prioriterte prosjekta er følgjande (alle tal i heile tusen):

<u>INVESTERINGSFØREMÅL</u>	<u>1998</u>	<u>1999</u>	<u>2000</u>	<u>2001</u>
Telefonsentral/EDB	370	0	0	0
EDB skulen	200	65	65	0
Innbu skulen	68	0	0	0
Varmtvannstank skulen	55	0	0	0
Ny barnehage	100	2900	0	0
Skuleutbygging	2000	2500	0	0
Avsetning ny ambulanse	50	50	50	50
Fysioterapi	40	0	0	0
Utstyr fysioterapi	46	0	0	0
Passientrom sjukestova	10	10	10	10
Brannalarm museumet	40	0	0	0
Brannalarm kyrkja	50	0	0	0
Leikepl. Hålandssj./Uteleiker barnh.	100	0	0	0
Rehab. idrettsanlegg	200	0	0	0
Badepl. / nærmiljøanlegg Alvestad	50	50	0	0
Ridebane Ognøy	0	0	0	100
EDB teknisk	35	0	0	0
Digitalt kartverk	100	0	0	0
Avsetning kjøp ny bil	0	60	60	60
Vassbehandlingsanlegg	50	350	0	0
Tiltak klaus. drikkevatt	0	100	0	0
Gjennomf. kloakkrammepl. Alvestad	1400	500	0	0
Kloakkrammepl. Føresvik	100	0	0	0
Samlestasjon container	30	0	0	0
Byggefelt Austre Bokn	3500	0	0	0
Avsetning brannbil	0	0	150	300
Utbetring komm. vegar	0	0	150	250
Oljegrusing komm. vegar	300	100	100	100
SUM INVESTERINGAR	8894	6685	585	870

NEDLEGGJING AV POSTKONTORET

Mange boknarar er opptekne av denne saka, og Bokn Bygdablad vil derfor orientera litt om kva som har skjedd og kva som eventuelt kan skje vidare framover.

Hausten 1996 fekk Bokn kommune Posten sin plan for ei framtidig postordning i Bokn til høyring. I oppsummeringa til Posten sin plan stod det:

Følgjande endringar er planlagt i postnettet i Bokn:

- *Postkontoret vert gjort om til postfilial driven av samarbeidspartnarar frå 1.9.98.*
- *Landpostruta vert utvida og får kanskje endra utgangsstad til Aksdal.*
- *Omfattande personalmessige tiltak for å unngå oppseiingar.*

I kommunestyresak nr. 55 i fjor protesterte sjølvsaugt kommunen kraftig på dette. I høyringsuttalen frå kommunen gjekk det fram at eige postkontor ville vera den beste garanti for å sikra innbyggjarar og næringsliv gode posttenester, samtidig som dette på ein god måte ville bidra til styrking av sysselsetting og busetting i distriktet vårt. Det stod også at dersom Posten vedtok å leggja drifta om til ein postfilial ville kommunen stilla krav om at dei samla postale tenestene frå postfilialen og landpostbudet til innbyggjarar/næringsliv blei oppretthalde på dagens nivå. Vidare heiter det i uttalelsen at det er viktig at ein ev. filial får behalda namn og postnummer 4290 Bokn. Kommunen beklagde også at ei omlegging av posttenestene ville føra til ei sterk reduksjon i antall stillingar, og gjekk ut i frå at dei som vart berørt av endringane ville få eit tilfredsstillande tilbod om nytt arbeid her i distriktet.

Kommunen si haldning fekk ikkje gjennomslag ved Posten si behandling av høyringsuttalen, og det blei vedtatt at Bokn ikkje fekk behalda eige postkontor lenger, men måtte nøya seg med ein filial. Seinare kom det også melding frå Posten om at leigekontrakten av postlokala på Boknatun vart oppsagt frå hausten 1998.

Denne hausten blei det skipa ny sentrumsregjering, og den 3. november i år gjekk det eit fyldig brev frå kommunen til

Samferdselsdepartementet v/Statsråden, der ein håpa statsråden ville revurdere planen for dei framtidige posttenestene i kommunen, med m.a. å leggja vekt på den store betydningen eige postkontor har som ein del av eit samla servicetilbod i ein distriktskommune. Brevet peikte på dei signala Posten no gir distriktskommunane vil vera med å forsterka den sentraliseringa me har hatt dei seinaste åra, og vanskeleggjera det arbeidet ein driv med i kommunen med å leggja til rette for og marknadsføra distrikta som gode, livskraftige samfunn. I brevet gjekk det fram at ein ikkje trudde det var i tråd med Regjeringen sin distriktpolitikk at m.a. posttenestene skal svekkjast i distriktskommunane.

25. november kom svaret frå departementet. Der stod det m.a. at*stadig aukande konkurranse innanfor alle tenesteområda til Posten, og ein stor nedgang i talet på skrankeekspedisjonar ved postkontora som følgje av mellom anna bruk av elektroniske tenester og dør-til-dør-produkt, gjer at Posten må effektivisere drifta og redusere kostnadene.*

Om postfilialar står det at*postfilialane vil ordinært tilby dei same tenestene som eit mindre postkontor. Tilgangen til tenestene vil likevel ofte vere betre enn ved mindre postkontor då opningstida vil følgje butikken si opningstid. Krava til kvalitet, trykkleik og anonymitet gjeld òg for postfilialar.....Posten opplyser at det i det vesentlege berre har positive erfaringar med bruk av postfilialar, og at det har registrert mange positive kundereaksjonar.*

Samferdselsdep. konkluderer i svarbrevet med at dei ordinært ikkje går inn i Posten Norge BA sine vurderingar og avgjerder i enkeltsaker, slik som nedleggjing av postkontor m.v. *Innanfor dei krav og rammer som gis, er Posten ansvarleg for oppfylging av dei samfunnspålagte plikter på postområdet, og Posten skal finne fram til gode og effektive løysingar for posttenesta i dei einskilde områda. Det er difor Posten som treff endeleg avgjerd om m.a. organiseringa av ekspedisjonstenesta, under dette om nedlegging av postkontor og etablering av postfilial.*

- Kva gjer kommunen vidare, ordførar

Sigrunn Hole Hosaas?

- Me jobbar framleis med Posten mot gode løysingar. Når det gjeld departementet vil me ta kontakt igjen, ikkje minst med tanke på at det i statsbudsjettet for 1998 er sett av 30 mill. kr. til "ulønsumme" postkontor.
- **Kor skal ein ev. postfilial liggja i kommunen?**
- Posten har kontakt med begge butikkane på Vestre Bokn, og ingenting er klart enno. Me har også vore inne på tanken om å kombinera det framtidige servicetorget på Boknatun med ein postfilial. Posten var interessert i dette, men det vil med denne løysinga oppstå problematikk med å ha laurdagsope.

Bygdabladet vil koma med meir informasjon seinare.

BOKN LIKNINGS- /FOLKEREKISTERKONTOR

Bokn liknings-/folkeregisterkontor vil fra og med 02.01.98 ha endra kontortid/-ekspedisjonstid ved kontoret.

Grunna ny organisering av kontoret, samt utarbeidd ny arbeidsbelastningsmodell fra Skattedirektoratet vil Bokn LK/FR få tildelt et ½ årsverk ved eget kontor.

Dette medfører at kontoret vil ha kontor/ekspedisjonstid: MANDAG - ONSDAG - FREDAG fra kl. 08.00 - 15.00 ved eget kontor.

TIRSDAG og TORSDAG vil ligningssjefen ha arbeidssted ved Tysvær Lignings-/folkeregisterkontor. Ligningssjefen kan her kontaktes over tlf. 52 77 54 10 eller ved personleg fremmøte ved kontoret.

Ligningskontoret vil til en hver tid fremover gi opplysning om eventuell endring av kontortid/ekspedisjonstid gjennom annonser i dagsaviser/oppslag.

Hilsen

Gaute Kro

Bokn ligningskontor


Ilandføringsstaden i Regavika der ventilstasjonen skal liggja viser godt i landskapet.

Foto: JH


BOKN I FORANDRING, PR. 1.12




Mange slike møteplasser er blitt laga langs vegane. Her frå Gunnarstad kor ein ser huset til Bertha og Alf Are.



Det er lagt asfalt i byggefeltet ved Hålandssjøen.



Trosnavåg i stor forandring. Husa til Daniel Thuestad til høgre i bildet.



HELSINGAR FRÅ USA

I septembernummeret av Bygdabladet blei det skrive om fire ungdommar frå Bokn som dette skuleåret går på skule i USA. Dei blei oppmoda om å koma med helsingar til Bygdabladet, noko samtlege har gjort. Her er både korte og lange brev frå dei som nok vil oppleve ei spesiell jul i år.

HEI DER HJEMME!

Det er nå gått nesten fire måneder siden jeg forlot fedrelandet. Det er snart jul og den kommer til å bli veldig spesiell. Som alle sikkert vet, er julaften en helt vanlig dag her. Presangene åpnes ikke før om morgenen den 25. des.

Ellers har jeg sett mye, som f.eks. Lincolns hjem, grav og byen han var med å grunnlegge og et amerikansk borgerkrigsmuseum (der jeg kjøpte et originalt sverd). I Kentucky så jeg Mammoth Caves, verdens lengste hulesystem (600 m lang). Planene for resten av året er turer bl.a. til Washington DC, New York, Florida (Disney World, MGM studios, Universal studios), Chicago og St. Louis.

Dagene flyr og jeg har plenty å gjøre, slik som lekser og handle for venner i Norge (ting de ikke får tak i i Norge). Det siste jeg kjøpte var en armbrøst-pistol.

Det var alt for denne gang. Hvis noen vil skrive til meg, så ikke nøl.

Min adresse er: Frank Svendsen
91 Meadows Lane
Mounds, IL 62946
USA

Eller e-mail: kmeadows (a)isbe.accessus.net

See ya

Hilsen Frank

Halloen adle boknarar!

Det er bare meg, **Brit Nesvik**, utvekslingsstudenten fra Bokn.

For to mnd. siden så forlot eg Bokn for eit år. Mamma, pappa og mormor - altså Rita og Per Nesvik og Ella Berge kjørte meg te Oslo fordi flyet mitt gjekk derifra til London.

Me va 32 trøtte studentar som møttes kl. 7.30 på Fornebu. Den siste halvtimen i Norge gjekk utruleg fort, kanskje for fort. Men Flyturen til London tok ein evighet, selv om det va bare ein og ein halv time.

Flyplassen i London va ganske så store. Me hadde tre timar te neste fly gjekk, så eg og nogen andre studentar gjekk og hadde oss litt mat. Så va det tid for den lange flyturen, heile åtte timar, men eg blei overaska over kor fort tida gjekk. Eg sat på sida av ein gut frå Karmøy, me kalla kvarandre bare Bokn og Karmøy. Maten på flyet var typisk flymat. Eg sat heile veien og snikte inn te første klasse. Va litt misunnelege itte 6 timar i eit trongt flysete, ungar så grein og andre så snorka, mens dei hadde mjuke skinnseter og go mat, men eg overlevde det og.

Når eg såg Chicago under meg så begynte det å kribla i beina. Landinga va litt brå, men okay. Det første eg såg va masse gedigne limousinar. Eg tenkte bare - eg e i Amerika. Me måtte ta tog frå utgang til utgang. Det va litt kaldt. Der va tre andre studentar så skulle ta samma flyet så eg. Det va litt kjekt å ha selskap på denne 4 timar lange flyturen. Me sat og diskuterte kor leie me va av å fly. Eg meine når du har reist i 14 timar så e de ikkje så kjekt lengre. Pluss eg ikkje hadde sove under heile turen, så eg bestemte meg for å sova litt. Eg sov ein time og dei hadde selvfølgelig vore rundt med brus då, så eg sat der liga tyste. Eg begynte å tenka på kossen eg skulle sei hei te familien min, men eg fant ingen god løysing. Me fekk ein time med risting, torden, storm e ikkje så kjekt, men landinga gjekk ganske bra.

Utruligt nok så va det tid for å møta familien. Dei va lette å sjå fordi dei hadde ein gassballong med vekomen Brit på. Eg fekk bamse av dei nye brødrene mine + teikningar. Så va det tid for å finna bagasjen min. Venta i 15 min for den, det e ganske lenge det når du står der med fem fremmande mennesker og dei snakka ikkje norsk ein gong. Eg fant bagasjen min og me før for å finna bilen. Bilturen tok 30 min. Eg begynte å bli trøtte i bilen, eg halveis sov mens ungane spurte meg masse spørsmål.

Endeleg såg eg huset. Det va gedigent. Dei viste meg rundt i huset, kor rommet mitt va, osv. Eg for rett te sengs, eg har aldri sovna så fort før. Når eg vakna neste måren så va eg tette i nasen og hadde ei «poda» i halsen. Eg gjekk opp te kjøkkenet, men det va ingen der, så eg følte meg rett og slett som ein dott. Men så kom Jane, det e altså vertsmora mi. Ho sa at eg måtte eta noko, så ho fant cornflakes te meg men det va ikkje så godt, for det første hadde eg ei «poda» i halsen, og det versta va at det ikkje va norske melk. Eg spiste bare eit par skeier. Dei første dagane brukte eg te å sova. «Podå» forsvant etterkvart. Familien tok meg rundt omkring, dyrehagen, fjellet osv.

Denne staten er omtrent som Norge, einaste at det regna meir her. Når det starte å regna her i november vil det regna omtrent kvar dag te mai, det e nå litt trist å tenka på.

Me e tre utvekslingsstudentar her i mi gata. Ei jente fra Kina og ein gut i fra Moldova. På skulen e det fira andre utvekslingsstudentar, dei e i fra Brasil, Finland og to i fra Tyskland. På skulen e det nå 1700 studentar. Det e litt løye å tenka på at det e over dobbel så mange så det e innbyggjarar på Bokn. Byen eg bur i e ganske liten, det e bare 20.000 innbyggjarar. Skulen går ganske bra her for meg, men så e dei nå ikkje så super smarte i detta landet heller då. Lærarane e som alle andre lærarar. Dei har store problemer med å skriva og sei namnet mitt her, men eg kan omtrent ikkje sei namnet mitt skikkeleg heller. Det e utruligt vanskeleg å snakka norsk. Det e heilt forferdeligt å snakka norsk på telefonen, men det komme tebage igjen håpe eg!!

Skulen her e ganske forskjellige fra den norske. Ein time vare heile 90 min. Så har me 15 min pause. Så e det nye 90 min. Så e det lunsj 40 min. Nye 90 min. Før siste time har me tre min. te å komma oss te neste klasserom. Me må springa ganske mykje fra klasserom te klasserom., det e nå litt stress spør du meg. I begynnelsen så va 90 min ganske lenge, men nå e det akkurat passeleg for meg. Det e også litt rart, det at dei har skulelag, amerikansk football, fotball, baseball, volleyball osv. Det e ganske viktig for dei å vinna, fotballaget på min skule vant nettopp deiras liga.

Akkurat nå sitt eg å spise skiva med brunost. Ganske kult å sitte i Amerika å spisa brunost. Der e alt muligt norsk her, knekkebrød og kvitost, osv.


Eg trur eg må slutta av nå. Så eg vil bare sei at eg har det kjempebra her, men «borte bra, men hima best»

God jul og godt nyttår, adle boknarar!

Helsing Brit

Tenkte at eg skulle skriva ein liten hilsen heim til gamlelandet. For tida holder eg altså til i USA, næmere bestemt i Betlehem, Pennsylvania. Det er ein koseleg liten by med omlag 300.000 innbyggjarar, for dei som ikkje veit akkurat kvar det er, kan eg fortelja at det er knappe to timars kjøretur frå New York og ein liten time frå Philadelphia. Nesten som Haugesund og Stavanger frå Bokn, det heile er berre litt forstørra, det gjelder forresten skulen også. Liberty High School har omlag 3000 elevar (14 - 18 år), det er ein aldri så liten forandring frå Bokn skule. Om det er bra eller ikkje, det er eg ikkje sikker på, men det er i allefall ein ny opplevelse. Når det gjeld sport, er det på skulen det skjer, skulelaga har trening kvar dag, og reiser på turneringar og kampar heile tida. Problemet med ein så stor skule er at det er eit aldri så lite problem å

koma inn på førstelaget, til og med i fotball. Nå er akkurat fotballsesongen over, me vann serien, men uheldigvis tapte me den første kampen i sluttspillet.



På grunn av fotball-laget blei eg fort kjent med mange kjekke folk, så nå har eg mange venner eg kan vere med på fritida. Av fritidsaktiviteter i Amerika har me omtrent det same som i Norge. Den største forskjellen er vel at når me kjører til byen er det New York og Philly me snakkar om i plassen for Haugesund og Stavanger. New York er forresten ein koseleg plass, ein by med 15 - 20 millionar folk har den fordel at det tar litt tid før du har sett alt som er verdt å sjå. Om eg skulle bli lei av dei byane har me jo alltid Washington

og Boston i reserve.

Eg har altså fått eit Rotary-stipend, forskjellen mellom det og eit vanleg utvekslingsprogram, er at det ikkje kostar noko meir enn flybillett og forsikring (eg får også 500 kr. pr. måned), og eg skal bu hos tre vertsfamiliar i staden for ein. Dessutan møter eg alle dei andre Rotary-studentane i området omlag ein gong i månaden. Min første vertsfamilie har vært veldig grei, dei har gitt meg nokon spesielle reglar, så eg kan stort sett gjera kva eg vil. Min neste vertsfamilie (eg flyttar etter juleferien) virker også grei.

Elles har eg det bra her i Uniten, håper alt går bra der borte i gamlelandet også, reknar med at det er stille og rolig på Bokn nå for tida. Vel, det får bli alt for denne gong, over og ut fra **Your man in Betlehem.** God jul , og hils alle kjente.

Brevet frå Inger Marie kom dessverre for seint til at me fekk dette med i desembernummeret. Dette vil stå på trykk i neste utgåve.

Her er fleire adressar til dei som vil ta kontakt

Brit Nesvik
c/o Jane EtScott Morrill
10055 SW Hedges ct
Tualatin
OR 97062
USA

Arnstein Hosaas
c/o Fredrick & Johanna Brams-Miller
1727 Elm Street
Bethlehem
PA 18017
USA

Inger Marie Våge
c/o Pauline De Jager
P.O. Box 1123
Florence
AZ 85232
USA





Resultat Krafttak mot kreft:

Av Bjørn Eirik Gundersen

Netto salg materiell	Kr. 6.684,29
Loddsalg 7.11.	" 8.000,-
Matsalg 7.11.	" 1.903,-
Innsamling bøsser 9.11.	" 34.010,-
Gave fra Bokn kommune	" 8.000,-
" " Bokn Sanitetsforening	" 5.000,-
" " Bokn Bygg	" 1.000,-
" " Bokn Settefisk	" 500,-
" " Pop Spray System	" 2.500,-
" " Vågen Laks	" 1.000,-
" " Øvrebø Fiskeoppdrett	" 1.000,-
" " Bokn Handelslag	" 300,-
" " Jenteklubb i Krojen	" 2.176,50
v/Marit E. Våge	
	Kr. 72.073,79
Fordelt fra Staten	" 3.150,--
Totalt	Kr. 75.223,79
Pr. innbygger	Kr. 97,60
Pr. husstand	Kr. 250,75

I posten netto salg materiell er iberegnet salg av det som pr. 3.12. er usolgt. Dette forventes solgt før jul. Alt vesentlig er det t-skjorter, men det er noen få stjernepins igjen pluss ett krus. Varene ligger på kulturkontoret, det er bare å komme innom eller ringe hvis du vil ha en fin jule-presang å gi bort. Så kaldt som det er trenger du sikkert en god t-skjorte selv også.



KRAFTTAK mot KREFT



TV-AKSJONEN
9. november 1997


Aksjonskomiteen takker igjen for en fantastisk giverglede, og benytter anledningen til å ønske alle givere en riktig

God Jul og et Godt Nyttår!





NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET



FRÅ MØTET 27.11.97

UTVIDA OPNINGSTID I BARNEHAGEN

Driftsstyret vedtok at Bokn barnehage skal utvida opningstida frå kl. kl. 07.30 - kl. 15.45 til kl. 07.30 - kl. 16.30. Dette skal vera ei prøveordning frå 1. januar 1998 og ut barnehageåret (til sommaren 1998). Det er forutsett at prøveordninga skal gjerast innfor den personalressursen som barnehagen i dag rår over.

Driftsstyret har bede om at barnehagen utarbeider ei tilbakemelding innan utgangen av mars 1998 om korleis prøveordninga har fungert for å gi grunnlag for drifta i neste barnehageår.

OMLEGGING AV DRIFTA I BYGDABLADET

Driftsstyret vedtok i møte ei omlegging av Bokn Bygdablad som venteleg vil gi gi betre trykk og bilete, og gi faste tider for utgjeving. For å oppnå dette vil ein frå årsskiftet gå over til eit nytt trykkeri i Stavanger som heiter Omega Trykk. Det trykkeriet ein har hatt til nå har rett nok vore rimeleg, men det har tatt lengre tid å få trykka bladet enn det som var forutsett. Det nye trykkeriet vil bli noko dyrare, men med betre kontinuitet og kvalitet vil ein m.a. prøva å få meir inntekter frå annonser. Frå årsskiftet vil ein også for første gong på over 10 år auka abonnementsprisen utanbygds til kr. 150,- pr. år, og innanbygds til kr. 100,- pr. år.

RULLERING AV KOMMUNE- DELPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV

Denne planen skal rullerast kvart år. Prosjekt som er ferdige skal strykast ut, og nye skal opp på ny prioriteringsliste. Slik var det også i

den planen som nå vart rullert i driftsstyret den 27. november. Ingen anleggsprosjekt får tippemidlar dersom dei ikkje står oppført i planen under prioritert handlingsprogram.

Under uprioritert liste over langsiktige behov er det nokre endringar:

I oppstillinga på **idrettsanlegg** er *symjehall* i Føresvik stoken på lista over langsiktige behov, og er ført opp på Austre Bokn. Ein tenkjer seg eit slikt anlegg i samband med ev. industri-etablering på Austre Bokn som kan gi overskot av varmt vatn.

Trialbane er flytta frå Vatnaland til Torland, m.a. p.g.a. Europavegen.

Det er elles sett opp *rideanlegg* og *ridebane* på Ognøy.

Når det gjeld **friluftsliv** går *rideveg* på Austre Bokn inn i ridesti-prosjektet i prioritert handlingsprogram.

I prioritert handlingsprogram for perioden 1998 - 2001 er balløkke-prosjektet på

Alvestad nord ferdig og går ut av planen.

Rehabilitering av stadion er ført opp med kr. 300.000 i 1998. Som mange sikkert veit er m.a. kvaliteten på grasmatta nå så dårleg at noko må gjerast. Forslag til fordeling av utgiftene er kr. 150.000 på kommunen, kr. 100.000,- i tippemidlar og kr. 50.000,- frå idrettslaget.

Klubbhus til idrettslaget er forsinka i forhold til tidlegare planar, og det er ennå usikkert kva som blir løysinga på dette prosjektet. Det er likevel oppført i prioritert handlingsprogram. Det ligg elles inne kostnader til ein *ridebane* på Ognøy på 20x60m ut i frå den eksisterande som er betydeleg mindre. Prosjektet vil ikkje medføre driftsutgifter for kommunen.

Under prioritert handlingsprogram for *friluftsliv*, ligg ferdigstilling av badeplassen på Alvestad inne med investeringar i 1998 og

1999. Ein planlagt *turveg* nedafor byggefelt i Alvestad sør går sannsynlegvis ut. *Tursti* frå Knarholmen til Sandvika er oppført med litt midlar i 1998. Det er berre på tale å merka opp/rusta opp eksisterande sti.

Elles er det eit sterkt ynskje om *ridestiar* i variabelt terreng i Boknafjellområdet og på Austre Bokn. Her er sett opp ein sum på kr. 80.000 i år 2000. Det er som vanleg kalkulert med ein tredjedel i tippemidlar.

Saka skal vidarebehandlast i kommunestyret.

DRIFT AV DAGSENTER

Driftsstyret godkjende ei sak om at eit tilleggstilskot på kr. 13.000 i psykiatri skal gå til styrking av drifta av dagsenteret i hausthalvåret. Saka skal vidare til kommunestyret.

OPPFØLGINGSARBEID FOR EINSLEGE FORSØRGARAR

Driftsstyret vedtok at kommunen skal vera med på eit interkommunalt oppfølgingsarbeid for einslege forsørgarar i samarbeid med trygdekontora og arbeidskontora. Det vil kosta kommunen kr. 1,- pr. innbyggjar pr. år.

SAMARBEID SKULE-NÆRINGS- LIV - REGIONAL KOORDINATORSTILLING

Driftsstyret vedtok at det bør opprettast ein regional koordinatorstilling for samarbeid skule-næringsliv. Administrasjonen skal i samarbeid med nabokommunane arbeida fram eit forslag til finansieringsplan.

ORIENTERING OM SPESIALUNDERVISNING SKULEÅRET 97/98

Det vart lagd fram ei sak for driftsstyret som viste at det hadde vore 18 søknader om spesialundervisning for inneverande skuleår. Alle søknadene hadde fagleg tilråding frå PPT. Søknadene hadde ei ramme på 4291 timar, medan det vart fastsett eit samla timetal på 3040 årstimar.

UTEOMRÅDET VED BOKN SKULE

Driftsstyret vedtok i møte den 27.november at Bokn skule får nytta kr. 40.000 som prosjektmidlar til prosjektet "Levande Skule". Pengane blir ført over til 1998.

Bokn skule får kjøpa drivhus og innevekestlys for dei same midlane.

Det vil bli sendt søknad om å vera med i "Prosjekt Levande Skule" - utearealet som læringsmiljø. På denne måten kan ein få tilført meir midlar til arbeidet.

VEDLIKEHALD – KYRKJEBYGD SKULE

Driftsstyret vedtok at kr. 45.000 av tidlegare løyvde midlar til Petra Fritidsklubb blir nytta til opprusting av ungdomslokala ved gamle Kyrkjebygd skule. Opprinneleg sum var kr. 50.000, og kr. 5.000 av desse er gått til elektrikararbeid. Dei resterande kr. 45.000 skal m.a. gå til gardiner, maling, scene og materialer. Fritidsklubben skal sjølv gjera ein del av arbeidet.

SØKNAD OM BYGGING AV LANDBRUKSVEG - UTTALE

Det var oppe ei sak om bygging av landbruksveg på austsida av Austre Bokn. Driftsstyret vedtok at denne saka måtte vurderast på nytt etter at reguleringsplan for industri i området ligg føre.

VEDLIKEHALD AV LEIKEPlassar - FORDELING AV AVSETTE MIDLAR

Driftsstyret vedtok i møte den 27.november slik fordeling av avsette midlar til leikeplassar:

Kr. 40.000 til leikeplassen i Alvestad sør. Kr. 20.000 til leikeplassen i Føresvik.

Kr. 10.000 til leikeplassen i Alvestad nord.

Velforeningane skal utarbeida ein plan over korleis pengane skal brukast, og rapportera til kommunen kva dei er blitt brukte til. Det skal utarbeidast ein kontrakt mellom velforeningane og kommunen.

(RA)



INFORMASJON FRA TEKNISK-DESEMBER 1997



Forvaltningsstyret hadde møte den 03.12.97 hvor følgende saker ble behandlet:


- Torvald Øvrebø fikk byggetillatelse for sjøhus på eiendommen sin sør for «Fyren»
- Solveig Søndeland hadde søkt om tillatelse til fradeling av hyttetomt sør for brua i Straumen, men søknaden ble ikke godkjent.
- Svein Kro arbeider med planer om å etablere et steinbrudd i Kro. Det foreligger nå forslag til reguleringsplan for området som forvaltningsstyret har vedtatt kan legges ut til offentlig høring. Planen vil være tilgjengelig på Boknaton.
- Kommunen er pålagt av Direktoratet for brann-og eksplosjonsvern å utarbeide ny brannordning for kommunen. Forvaltningsstyret godkjente forslag til ny brannordning som skal behandles videre av kommunestyret før planen sendes inn til direktoratet.
- Egil Guttormsen og Lorents Hemnes fikk byggetillatelse for hvert sitt naust innerst i Jøsenvågen.
- Bernhard Våge sammen med andre grunneiere hadde søkt om tillatelse til å bygge landbruksveg på østsiden av austre Bokn, men vegen kan komme i konflikt med den planlagte industrietableringen. Forvaltningsstyret vedtok derfor å nekte bygging nå i påvente av reguleringsplanen.
- Arnt Ove Jøsang m/fl. hadde søkt om tillatelse til å bygge 3 naust på Hognaland, men forvaltningsstyret nektet .
- Alf Are hadde søkt om tillatelse til fradeling av boligtomt ved det gamle grustaket på Gunnarstad. Forvaltningsstyret godkjente delingen på vilkår.
- I Loden er det nå bygd så mange hytter at området betraktes som tettbebyggt strøk i avløpsmessig sammenheng. Før kommune kan godkjenne nye utslipp må det foreligge en avløpsplan. Grunneierene har dannet et andelslag som har vært ansvarlig for utarbeidelse av en plan som forvaltningsstyret godkjente. Planen skal sendes fylkesmannen til endelig godkjenning.
- Arne Øvrebø har søkt om tillatelse til fradeling av boligtomt mellom Våga og Aksdal. Delingen ble godkjent på vilkår.
- Dan Viggo Aarsand har søkt om fradeling av nausttomt ved Sponavika, men forvaltningsstyret nektet deling på grunn av konflikt med kommuneplanen. Siden saken har sitt utspring i en gammel avtale mellom Bokn kommune og Aarsand, anbefalte forvaltningsstyret at kommunen arbeider videre med å finne en løsning.
- Elin Ommundsen har tidligere fått byggetillatelse for nausthytte i Straumen. Naboene, Konrad Hognaland, har påklager vedtaket, men forvaltningsstyret tok ikke klagen til følge og saken går videre til fylkesmannen for endelig behandling.
- Olav Vetvik hadde søkt om tillatelse til å heve taket på sin nausthytte og forvaltningsstyret godkjente endringen.
- Maud Alvestad Gulbrandsen fikk byggetillatelse for naust på en eiendom som ligger til fiskerihavnen i Alvestadkroken.
- I Straumen ble det gitt tillatelse til rehabilitering av eksisterende utslipp fra bolighus til Lars Søndeland.

Tysdag : 10.00 - 13.30
Onsdag : 16.00 - 19.00
Torsdag: 10.00 - 13.30

OPNINGSTIDER, BOKN BYGDEMUSEUM

Kvar søndag kl. 15.00-18.00 i mnd. juni, juli og august

Bokn bygdemuseum, med over 3.000 gjenstandar, er i høve til folketalet Rogalands best utbygde bygdemuseum. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom slik det var fyrst i vårt hundreår. På muséet finn du også skomakarverkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.




Idyll i Borgenvik

Foto: JH

FRILUFTSLIV

- Alvestad badeplass
- Boknafjellet utsiktsplass
- Fiske i sjø og vatn - fiskekort i enkelte vatn
- Føresvik turveg
- Ognahabn friluftsområde

TORS DAGSTREFFET



Torsdagar kl. 10.00-12.30 på Allrommet er det sosialt samvær for store og små - unge og gamle med vaflar, saft og kaffi. Arr. Bokn sanitetsforening.


Foto: JH

KULTURKALENDER VÅREN 1998



Alvestadkroken i vinter- og sommandrakt.

Foto: KL



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

JANUAR

- 04.: Gudsteneste kl 11.00
- 05.: Skulestart, Bokn skule kl. 08.25
- 05.: BORK – Ridekurs Ognøy kl 17.30 og 18.30
- 06.: Oppstart barnetrim
06. og
11.: BORK – Nybegynnar vaksne og nybegynnar
born på Hognaland, påmelding til Åse tlf.
52748669
- 06.: Start for speidarar og ulv/meis
med juletreffest i skogen
08. og
09.: Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30
- 9.-
- 10.: Førarpatrulja sin planleggingstur
til Sandbekken
- 14.: Årsmøte BIL, kl. 19.00 Allrommet
- 17.: Elevkonsert kl. 14.00, Bokn skule – arr.
Bokn musikkskule
- 18.: Gudsteneste kl. 11.00
- 21.-22.-
- 25.: NMS – bedehuset kl. 19.30
- 28.: Hagelagsmøte. Allrommet kl. 19.00
Reidar Risvold viser lysbilder.
Arr.: Bokn Hagelag
- 29.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl.
17.30 Møte siste torsdag i kvar mnd. t.o.m.
mai.

Skyss til møte:

Eva Svendsen	52 74 83 39
Edvin Øvrebo	52 74 85 90
Matias Are	52 74 84 41
Kjell Kro	52 74 83 77

- 29.: Årsmøte, Bokn musikkorps
- 30.-
- 31.: Kretsårsmøte for speidarar –
stemmerett frå 15 år
- 31.: Ungdommenes kulturmønstring, lokal
mønstring, Bokn skule – generalprøve kl.
14.00

FEBRUAR

- 01.: Gudsteneste kl. 11.00 - utdeling 5. klasse



Full vinter ved enden av Boknafjellet.

Foto: KL

- 01.: Ungdommenes kulturmønstring, lokal
mønstring, Bokn skule kl. 14.00
- 02.: BORK – Ridekurs Ognøy kl. 17.30 og 18.30
- 09.: BORK – Medlemsmøte på skulen,
informasjon om trening av hest til
distanseritt og video, sal av mat, utlodding
- 12.: Bingo - arr. Bokn musikkorps
- 15.: Gudsteneste **kl. 19.00**
- 15.: BORK – Søndagstur på Gismarvik. Ta med
hesten og møt opp kl. 13.30 (værforbehold,
ring Erik om du er i tvil)
- 21.: Dans, Simon & Gardsguten – arr. BIL
- 22.: Møte Blå Kors – bedehuset kl. 19.30
- 24.: Speidarbasar, bedehuset kl. 19.30
- 25.: Hagelagsmøte. Allrommet kl. 19.00
Jack Haugland forteller om Fuksia.
Arr.: Bokn Hagelag

MARS

- Veke 10 – vinterferie, Bokn skule
- 01.: Gudsteneste kl. 11.00
- 02.: BORK – Ridekurs Ognøy 17.30 og 18.30
- 08.: Israelmisjonen – bedehuset kl. 19.30
- 10.-
- 15.: Indre Sjømannsmisjonen – bedehuset
kl. 19.30
- 11.: Hagelagsmøte. Allrommet kl 19.00
Hageglede i Form og Farge
v/Kjellaug Guddal Sæbø
Arr.: Bokn Hagelag
- 15.: Gudsteneste kl. 11.00

17. og
18. Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30
- 18.: Bingo – arr. BIL
- 21.-
22.: BORK – Køyrekurs for vidarekomne – Arne Henriksen. På Hognaland, påmelding Åse
- 22.: Årsmøte bedehuset kl. 19.30
- 24.-
29.: NLM – bedehuset kl. 19.30
- 28.: Dans – arr. Bokn musikkorps
- 29.: Gudsteneste kl. 11.00
Speidargudsteneste med løftefornytelse

APRIL

Dugnad Bokn Hagelag

- 05.: Santalmisjonen – bedehuset kl. 19.30
- Veke 15 – påskeferie, Bokn skule
- 06.: BORK – Ridekurs Ognøy 17.30 og 18.30
- 09.: Gudsteneste kl. 11.00
- 12.: Gudsteneste **kl. 15.00**
- 13.: BORK – Eggkoking og sprangkonkurranse på Ognøy
- 19.: Gudsteneste **kl. 19.00** - overhøyring
- 23.: Kontaktmøte – bedehuset kl. 19.30
- 24.-
25.: Speidarane si nattpatruljering
"Kampen om Vikingskipet"
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00 - **Konfirmasjon**
- 26.: Vårsleppet kl. 13.00 - arr.: BIL

MAI


- 02.: Elevkonsert kl. 14.00, Bokn skule – arr. Bokn musikkskule
- 03.: Blå Kors – bedehuset kl. 19.30
- 08.-
10.: Speidartroppstur til Vigdarheim
- 10.: Gudsteneste kl. 11.00
- 09.: Hagedag/Barneloppemarked
Arr.: Bokn Hagelag
- 10.: Frelsesarmeen – Kaffimøte
Bokn bedehus kl. 19.30



Frå hagedagen 1997

Foto: JH

- 16.: Lage oppsatser til 17. mai, Bokn skule
Arr.: Bokn Hagelag
- 17.: Gudsteneste **kl. 10.30**
- 17.: BORK – Barneriding og køyring
- 21.: BORK – Ridetur for nybegynnarar Ognøy
- Veke 22 – eksamensveke 10. kl. Bokn skule, gymsal opptatt
- 24.: Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30
- 31.: Gudsteneste **kl. 15.00**
- ## JUNI
- Veke 23 – årsprøvar, Bokn skule – gymsal opptatt
- 05.-
07.: Ulve/meise-leir på Karmøy
- 07.: Møte NMS – bedehuset kl. 19.30
- 14.: Gideon – bedehuset kl. 19.30
- 14.: BORK – Grilling og gymkhana, turriding på Ognøy
- 18.: Avslutningsfest for 10. kl., Bokn skule
- 19.: Skuleavslutning, Bokn skule
- 21.: Gudsteneste kl. 11.00
- 23.: Speidarane - Jonsokfeiring i Peralia
- 28.: Firebruerløpet/bruamarsjen – arr. BIL
- ## JULI
- 04.-
11.: Speidarlandsleir Jæren 98
- 11.: Marknadsdag i "Krojen" hos Steinar Alvestad
- 12.: Gudsteneste kl. 11.00



Vestsida av Bokn skule

Foto: JH

GYMSALTMEPLAN ETTER KL. 14.00

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån.	Bokn musik- korps, drilltr. Fotball, A-lag	16.00 -	Foreldrevakt
		17.30	
		19.00 -	
		20.30	
Tys.	Barnetrim	16.00 -	Ragnhild Trosnavåg
		17.30	
	Håndball	17.30-	Arne Hosaas
		20.00	
		20.00 -	
Ons.	Fotball, minimix Fotball, smågutt Fotball, gutt i Tysvær	22.00	Svein Olaussen
		17.00 -	
		18.00	
		18.00 -	
		19.30	
		19.30 -	
Tors. ****	Bokn musikkorps	21.00	Odd Magne Olaussen
		20..30	
Fred.	Fotball, gutt	18.00	Trygve André Tvedt
		20..30	
	Fotball, A-lag	17.30 -	
		19.00	
		19.00 -	Odd Magne Olaussen
		20.30	

**** Korpset er i kjøkken og musikkrom i tillegg til gymsal.



Frå vårfesten til 0. -3. klasse 1997

Foto: JH

LAG OG ORGANISASJONAR

MUSIKKORG.

Bokn musikkorps

v/Ingebjørg Larsen

IDRETTSORG.

Bokn idrettslag

v/Liss Sæbø

Bokn skyttarlag

v/Edgar Våge

BARNE- OG UNGDOMSORG.

Austre Bokn søndagsskule

v/Eli Kro

Bokn 1. KFUK

v/Marit Øvrebø

1. Bokn KFUM

v/Leiv Våga

Dirt Rider Trial Team

v/Frode Lie

Hognaland søndagsskule

v/Solveig Våga

Kyrkjebygd søndagsskule

v/Gunvor Øvrebø

Petra Fritidsklubb

v/Daghild Grønnestad

ANDRE

Bokn bedehus

v/Kjell Kro

Bokn bondelag

v/Sigvart Våga

Bokn bonde- og småbrukarlag

v/Magnar Are

Bokn bygdemuseum

v/Ottar Borgenvik

Bokn fiskarlag

v/Tore Øvrebø

Bokn hagelag

v/Ragnhild Trosnavåg

Bokn mållag

v/Venevil Birkelund

Bokn pensjonistforening

v/Kjell Kro

Bokn ride- og køyreklubb

v/Åse Bratthammer

Bokn Røde kors

- besøkstenesta

v/Kari Våge

- hjelpekorps

v/Per Helge Sunde

- lokalforeninga

v/Ingrid Jøsang

Bokn sanitetsforening

v/Inger S. Bokneberg

Bokn swingklubb

v/Rannveig Foss

Bokn vevstove


v/Wenche Jøsang

Bokn/Tysvær handikaplag

v/Gunn Thorsen

LHL


v/Edvin Øvrebø



Bokn ride- og køyreklubb (BORK) er eit aktivt lag i vekst. Her frå 17. mai-toget 1997 der BORK m.a. stod for køyring av 17.mai-komitéen, tv. Jens Morten Vatnaland og komitémedlem Daniel Thuestad. Foto: JH



Petra Fritidsklubb informerer



Av Ann-Kristin Grønnestad og Ingunn Ragnvaldjord

Den 12.12.97 var det stor fest på *Petra*. Da var det nemlig 20 år siden første klubbkveld. Styret i *Petra* (Daghild Grønnestad, Jostein Aksdal, Ellen Elise Ognøy, Hanna Aksdal og Elise Marie Tollaksen), pynta lokalet med papirgirlandere ballonger og diverse andre pyntesaker. Selv gikk de rundt med noen hatter, selv om protestene var til tider høylytte.

Hele kvelden var det gratis entrè. Styret hadde nok å henge fingrene i. I tillegg til sine vanlige oppgaver, satte de i gang med sketsjer, konkurranser og leker.

Noen av de som var der denne kvelden, blitt litt overrasket. Strømmen gikk plutselig, og de som var på dansegulvet fikk seg en kald opplevelse. Dette hadde styret planlagt som sin egen, private hevn for de andre ungdommenes mangel på innsats, (sikter her til vasking, klaging, og forsøpling

både ute og inne). Det er alltid noen som må ordne opp etter sånt, vær glad at det ikke er dere.

Nye vaktlister og vaskelister blir sendt ut rett før jul. Første klubbkveld i 1998, blir onsdag 07.januar.

Vi har jo en biljardturnering gående, og de to som vinner får utdelt en pokal. Det blir en pokal til jentene, og en til guttene. Turneringen har tatt tid, siden det er ganske mange som har meldt seg på.

Nå er det ikke lenge før 7.klasse kan begynne å gå. Derfor vil vi ønske dere *ekstra* velkommen! Det er snart starten av et nytt år, som kan bringe mye nytt og spennende til dere. Særlig hvis dere

går inn for det selv. For å få en meningsfull fritid bør man benytte seg av de tilbudene man har. Nå har vi nettopp gjennomført både **dansekurs**, og **sminke-/fargeanalysekurs**. Vi fikk mange påmeldinger til kursene, og dette viser at dere er villig til å gjøre annet ut av fritiden deres enn å slite ut sofaen og tv'en hjemme.


20 ÅR!




Fv. Erlend Nygaard, Bjørn Thuestad, Daghild Grønnestad, Bernt H. Olaussen og Glenn Taraldlien ynskjer velkommen til biljard- og bortennisrommet! Foto: Ann Kristin Grønnestad

Vi vil ønske alle dere som går på *Petra*, og alle de greie og koselige foreldrene/foresatte som sitter vakt; God jul, og godt nyttår!

Ingunn og Ann-Kristin.




SKULEN INFORMERER



NETTVERK FOR FRED

**I denne glade
juletid viser
elevane solidaritet
med barn i Bosnia
og barn og unge i
U-land.**



For andre året på rad sende skulen avgarde tre store kartongar med julegåver frå våre elevar til barn i Bosnia. 40 store bæreposar med gåver frå små og store elevar var med i sendinga, som vart levert hos Linjegods i Haugesund onsdag 3. desember. Gåvene inneheld litt av kvart. Mottakarane set pris på å få eit klesplagg, toalettartiklar, snop og skrivesaker/evt. leiker. Gåvene er

Irene Kro, Bjarne Nedrebø og Eirik Vea (sitjande) har levert tre av dei 40 store bæreposane med gåver frå skuleelevar.

Foto: JH

Gåvene blir samla på Linjegods i Oslo og derifrå køyrer trailerane fullasta med gåver til Bosnia før jul. Tidlegare i haust var 8. klasse òg med på ein

aksjon. Klassen selde pakkar med te-posar for kr. 3.600.

Elevane sparar og til ein felles kasse til ein ev. klassetur. Klassa fekk kr. 840,- av det dei fekk inn ved salet av te til denne kassa.

Dei innsamla pengane ved FORUT-aksjonen går til barn og unge i utviklingsland. Freds- og edruskapsorganisasjonane IOGT, Juvente og IOGT

sitt juniorforbund står bak FORUT som driv utviklingsarbeid i Sri Lanka, India, Nepal, Gambia og Sierra Leone.



merka med eit "til og frå" julekort der ein kan skrive namn, adresse og alder slik at ei «jentegåve» frå ein 11-åring og kjem fram til ei jente på 11 år.

Ingjerd Thuestad

MED 10. KLASSE TIL POLEN

Vi dro på tur med stiftelsen "Hvite busser" i slutten av september i år. Namnet stammar frå dei bussane som henta fangar ut frå konsentrasjonsleirane i slutten av krigen. I dag er dette ein stiftelse som har som mål å organisera turar for skuleklassar og andre interesserte til konsentrasjonsleirar og andre stader der krigen var tydeleg. Dei tener ikkje pengar på dette og dei fleste i organisasjonen arbeider gratis.

Derimot meiner dei at det er naudsynt for ungdommar idag i eit samfunn som er meir enn før prega av framandfrykt og rasisme å få sjå sjølv korleis det var den gongen desse ideane verkeleg var på ville vegar.

Den andre verdskrigen med tida før og etter er òg viktigaste del av det dei les i samfunnsfag i 10 klasse, så i likhet med 9. klasse i fjor fann vi ut at dette var noko å satsa på.

Vi dro med fly til Oslo og vidare med buss gjennom Sverige og ferge til Polen. Etter nok en lang dag med buss, var vi i Krakow heilt nede mot grensa til Tsjekkia. Så der var vi, 9 elevar, ein lærar og Reidun Grønnestad frå foreldra. Vi kom til ein gamal kulturby med moderne industri rundt. Vi såg flotte gamle kyrkjer, slott og bygningar i den gamle byen mot skitne forurensa betongdrabantbyane rundt. Det var tydeleg for elevane at her var det enno ein veg å gå for å nå oss i levestandard, dersom det skulle vere eit mål. Tiggarane på marknadsplassen som kunne vere nokså pågåande, var nok ei oppleving som tok litt i dei. I dette landet er gjennomsnittleg månadslønn 1800 kroner, og ein del av varene er

dyre for polakkane som og har sin del av problem som arbeidsløyse og sosial naud. Utanfor Krakow ligg Auschwitz og Birkenau som monument over ei tid vi ynskjer både å gløyme og hugse. Begge stader er i dag nesten som dengang unnateke krematoria som tyskarane sprengte i dei siste dagane av krigen. Elevane lytta og såg. Me hadde i vår buss med oss Magnhild Bråthen som hadde vore fange i Ravensbrück, og ho gav oss på sitt stillferdige



Vi har lagt ned blomar ved den norske minnesteinen i Birkenau. Fv. Svanhild Alvestad, Reidun og Daghild Grønnestad, Jostein Aksdal (skjult bak), Anton Askildsen med Glenn Taraldlien bak, Erlend Nygaard, Geir Helge Christiansen, Bjørn Erik Øvrebø, Jan Sollid og Tore Øvrebø.

vis eit vitnesbyrd om si tid i dette systemet. Hennar tale var likevel klar på kva ho venta av dei neste generasjonane. La ikkje dette skje fleire gonger.

Frå Krakow drog vi vidare til Berlin der vi fekk sjå restane av "muren" og vidare til Sachsenhausen og Ravensbrück og fleire sterke inntrykk til ettertanke.

Etter ei veke undervegs kom vi heim. Det hadde vore kjekt, og det hadde vore tungt. Litt annleis enn da vi dro var vi nok. Ein anstrengande tur med lange køyreøakter og litt annleis mat, men med ei kjensle at turen hadde gitt oss eit klart inntrykk av ei tid me hadde lest om, men først no såg kva var.

Jan Sollid

SERIE GLINT FRÅ BOKN!

I serien GLINT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Denne gong kan du lesa om då Bokn fekk straum i 1954.

800 mennesker i Bokn får strøm

Det må strekkes en 29,4km høyspentlinje og 40,2km lavspentlinje.

Utgiftene blir antagelig 800,000 kr. - Statstøtten 500,000 kr.


Bokn er en av de kommuner som har måttet vente lenge på sin elektrisitetsforsyning. Det kommer for en stor del av at den elektriske kraften må føres i sjøkabel fra Susort i Tysvær og Ognøy og videre til Austre og Vestre Bokn. Før høyspentlinjen var strukket gjennom Tysvær til Susort, kunne således Bokn vanskelig komme i betraktning.

I siste statsråd ble Karmsund tildelt nye midler til utbygging innen sitt forsyningsområde og i og med at linjen var strukket til Susort, ble det også omsider Bokns tur til å bli delaktig i det store gode som den elektriske kraft er.

Det som i første rekke interesserer folk på Bokn er nå utbyggingen skal begynne. Til dette kan vi opplyse at saken først må behandles i styret og dernest må det gjøres vedtak om utbyggingen i representantskapet. Før den tid kan ikke Karmsund Kraftlag ta fatt på selve utbyggingsarbeidet. En kan imidlertid regne med at det vil bli holdt representantskapsmøte så snart styret har behandlet saken.

Vi har innhentet en del tekniske data omkring kraftforsyningen på Bokn. Det blir i alt 17 transformatorkretser, nemlig på Ognøy, Øvrebø, Aksdal, Våga, Førresvik, Bokneberg, Håland, Vatnaland, Laupland, Are, Jøsen, Sønnaland, Hognaland, Grønnestad, Trosnavåg og Breivik og en krets som ikke er angitt foreløpig.

Det må strekkes 29,4 km høyspentlinje og ca. 2 km sjøkabel. Lavspentnettet får en



lengde på 40,2 km. Ved den opprinnelige tegning av abonnenter slutter det seg til 194 husstander og hver husstand må betale et tilskudd på 300 kr. Og dertil kommer tilskuddet fra kommunen. Hvorvidt det blir noen forandring i disse tallene kan det ikke sies noe om før spørsmålet om utbyggingen har passert de forskjellige instanser. Saken skal nemlig først behandles av styret og dernest går utbyggingsplanen med kalkyle til Rogaland elektrisitetsforsyning og videre til Vassdragsvesenet som har det siste ord i

saken, bortsett fra det endelige vedtak i representantskapet om selve utbyggingen. Av denne grunn er det vanskelig å ha noen formening om hva kraftutbyggingen på Bokn vil komme på, men med alle forbehold skulle vi tro at beløpet vil dreie seg om 800,000 kr. Når ytbyggingen blir gjennomført vil 800 mennesker på Bokn få elektrisk kraft. Etter det Haugesunds Dagblad får opplyst ble statstøtten til Bokn kr. 500,000.

Haugesund Dagblad 28.07.54

BONDEVITSAR- OG HISTORiar


av Sigvart Våga og Leif Vatnaland,

lagt til rette av Torstein R. Alvestad, Roy Alvestad og Øystein Vågshaug

JULATREFESTEN

Det var ein gong julatrefest på ein låve. Og det var akkurat likt då som nå når folk blei uenige at ein var litt sterkare enn dei andre. Han blei uenig med ein annan, og tok tak i buksebaken og i håret hans og heiv han ut døra. Men plutselig stod han med buksebaken i handa.

Dagen etter kom mora til den stakkaren han hadde heve ut, og spurte om ho kunne få buksebaken igjen, for ho ville sy han på igjen.



Teikning, Roy Alvestad

INFO FRA BRANNVESENET

LA BRANNSIKRINGEN BLI EN DEL AV JULEFORBREDELSENE

Vi har «sakset» litt fra et informasjonsbrev som brannvesenet i Oslo har sendt alle landets brannvesen:

«Desember er den verste brannmåneden i året. Det brenner 20% mer i desember enn i andre måneder. I 1996 var det 16 mennesker som omkom i branner i desember.

Følgende råd kan forebygge brann:

Det er viktig å plassere røykvarsleren slik at du hører den når du sover. Er boligen stor bør du kjøpe røykvarslere som kan koples sammen. De vil da pipe samtidig. Begynner det å brenne, kan et rom være overtent i løpet av få minutter.

Røykvarsleren bør du teste minst 2 ganger i året.

Levende lys er ofte årsak til branner. Husk å bruke lysestaker som ikke kan brenne og unngå lysmanskjetter. Glemmer du å blåse ut et lys og det blir brann kan du få redusert utbetaling fra forsikringsselskapet.

Brunsvidd lampeskjerm eller brunt merke i taket betyr at lyspæra er for sterk.

Pass på at du ikke dekker til panelovner eller vifteovner med gardiner eller klestørk.

Vifteovner skal bare brukes når noen er hjemme.

Vær forberedt på at det kan bli brann hjemme hos deg. Derfor skal du sjekke hvor du kan komme deg ut hvis det begynner å brenne i boligen din. Det er viktig å ha 2 rømningsveier.

Du må vite hvor du har slukkeutstyret og hvordan det virker.

Er det en mindre alvorlig brann prøver du å slokke og begrense brannspredningen ved å lukke dører og vinduer.

Brann varsles på nr. 110.

Når du varsler om brann må du huske å oppgi navnet ditt, hva som har skjedd og hvor du bor.

Brannskader på huden må straks kjøles ned, gjerne i vann.

Vannet bør etterhvert varmes opp til 20 grader. Nedkjølingen bør vare minst en halv time, gjerne 3 timer. Ta kontakt med lege for videre behandling.

GOD JUL!

STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

- av Elisæus Vatnaland, lagt til rette av Birger Lindanger -

DEI UNDERJORDISKE

Slik blei hulderfolket til

Frå gammalt trudde boknarane at det fanst eit skjult folkferd ved sida av dei sjølv. Det var for det meste usynlege og levde i haug og hammar. Stort sett likna dei folk flest med den skilnaden at dei mangla rygg og hadde hale. Ei segn fortel at også dei stamma frå Adam og Eva. Etter at paret var jaga or Paradis, slo dei seg til på ein einbølt gard.


Her fekk dei heller mange born. Men så hende det at Vår Herre og St.Peter undra seg over korleis det gjekk dei og tok ein tur for å besøka dei.

Adam såg dei langt nede i vegen og ropa på Eva. Dei kom då til at det var litt flaut at dei hadde fått så mange born i lag. Difor skyssa dei helvta ned i kjellaren. Då

St.Peter og Vår Herre kom inn i stova og hadde sett seg, ynskta dei å få sjå borna i huset. Eva førde då inn den helvta som var oppe og dei helsa fint på framandfolket. St.Peter spurde då om dette var alle. Eva svara "ja" til det. Då sa St. Peter: "lat då dei dulde vera hulde"! Sidan har det vore to slag folk i verda: menneska over og under jorda. Dei siste blei kalla med mange namn: dei underjordiske, haugfolket eller hulderfolket.

DÅ IVAR TRE BLEI TEKEN INN I HÅMANNSNUTEN

I tal var hulderfolket ikkje færre enn menneska elles. Og på Bokn fanst dei like mange som boknarar elles og er sett heilt til etter krigen. Kanskje var det sterke lyset frå elektriske pærer som etter kvart har skremt dei bort.



Ivar blei kasta or berget på eit greip.

Teikning: Birger

Ein som elles fekk røyna haugfolket på kroppen, var husmanns guten Ivar Andersson på plassen Tre under Trosnavåg. Han kom til verda i 1817 og fortalde på sine eldre dagar at han blei teken inn av hulderolket i Håmanns nuten. Då han forsvann, ringde dei kanskje etter

han med kyrkjeklokkene - ei vanleg råd for å mana folk or berget. I alle fall blei Ivar etter tri fulle dagar kasta or berget på eit greip.

HAUGFOLKET LEIKA SEG I GULHAUG

På Vatnaland visste dei huldrefolket heldt til fleire stader. Såleis hørde folka på garden spel og song ved jonsok- og juletider i Gulhaug, det bratte berget bakom heimehuset i det gamle tunet på garden. Også i Skutberget ved lœa heldt det seg hulder. Folket på garden hadde stor respekt

for haugfolket og heldt seg til vens med dei. Til dømes let kona på garden glør vera att i gruesteinane når ho gjekk og la seg. Det var til huldra når ho kom inn for å stella ungen sin for natta. Men ein kveld gløynde huldrekona ein reiv - eit tøystukke dei vikla kring ungen. Gardskona tok vare på reiven og om kvelden hengde ho han i skjerdinga - eit jern dei hengde grytene i over grua. Neste morgon fann ho ein ring i skjerdinga.

UNDERJORDISKE OG UDØYPTE BORN

Ein kunne gjera seg til vens med hulderfolket eller bruka stål eller krossar til verna mot dei. Såleis var dei underjordiske eit problem for udøypde born. Akta dei ikkje på, kunne barnet bli "forgjort" og få mein på vet eller helse. Den vanlegaste råda i Bokn var å leggja stål - helst ein kniv eller ei saks - i vogga med barnet.

Kristoffer Vatnaland (f.1826) fortalde at ein jamvel kunne få born med huldra og at det fanst namngjevne folk av blanda manne- og hunderslekt.

DÅ HULDRA MISTA HALEN

Dei stamma mellom anna frå ein gut som når han gjekk i marka fleire gonger hadde sett ei ugløymeleg fine jenta. Men ho kvarv alltid bort når han prøvde å koma henne på nært hald. Han

fortalde dette til ein mann som rådde han til å kasta stål over jenta neste gongen han treffe henne. Denne råda freista han, og då blei ho ståande. Men med ein gong sto far hennar der: "Nå høyrer ho ikkje oss til lenger", sa han "Nå må du ta deg av henne, for nå er ho di. Viss du gifter deg med henne og er god med henne, vil det gå deg godt. Men gjer du det ikkje, vil du koma ut for mange ulykker!"

Gutten likte jenta og gifta seg med henne. Og då dei sto for alteret i kyrkja, datt huldrehalen av. Dei levde sidan vel i hop og fekk ei stor og vel akta ætt etter seg.

LEGDSLEMMAR VAR GODE FORTELJARAR

Mange av desse hendingane er knytta til Vatnaland. Men hulderfolket var like utbreidd på andre gardar i bygda. Mellom anna skal dei ha vore særskild aktive på Kro og Øvrabø. Dei beste forteljarane var legdslemmane fyrst på 1800-talet. Kvar stad dei var på legd, sank dei segner. Dei la dei saman med det dei hadde høyrte før, og med denne sogeskatten for dei vidare. Dei mest namngjætne sogeforteljarane, var "Kristi med tinå", "Kari Haugen", "Filten" og "Reinkodne-Jakob". Nokre av dei var så gamle at dei hadde levd på 1700-talet.

DÅ HULDRENE FEIRA JUL PÅ GUNNARSTAD

etter Jens Håland og Lena Vatnaland og nedteikna av Torkell Mauland og Elisæus Vatnaland. Lagt til rettes for Bokn Bygdablad av Birger Lindanger.

Frå gammalt fekk ikkje gunnarstadfolka feira jul heime. Dei laut ryma for haugfolket som kvar julafta kom til gards for å halda gjestebod med lek og gaman. Det var ikkje til å undrast at gardsfolka var like haldne om å bli husville julafta og undrast korleis dei kunne bli frie dette uvesenet.

Ein gong festa det seg ein urredd dreng til garden. Då det gjekk mot jul og folket etla seg til å flytta ut, nekta han å fylgja dei. Han ville halda seg i husa denne helga. Skulle huldrene koma, meinte han det alltid skulle vera ei råd å få dei på flog. Mannen i huset og folket hans var glade til og tykte det var mannsleg av drengen å bli, men freista likevel å overtala han til å bli med.


Men guten var'kje det slag redd. Og då dei andre flytta frå, laga han seg ei lega på nokre fjøler over omnen i det huset der han visste huldrene helst heldt seg. Elles fekk han ei borse med seg til verje. Han låg'kje lenge før haugfolket kom. Dei snakka og lo, huja og skreik og heldt eit styr så det var grove ting. Særleg flokka dei seg kring ein gammal kall dei kalla "han gamle Trond". Det var tydeleg han var husbonden deira. Så tok dei fram fat og koppar av både sylv og gull og sette på bordet.

Då skåla gjekk over bordet, skulle han Trond drikkja fyrst. Han som låg over omnen, sette då i: "Eg vil skjenka han Trond!" og skaut han så huset rista. Gamlingen stupte og haugfolket

stokk så dei hoppa og for som ein vind gjennom døra. Dei fekk med seg liket, men sylvtøyet og gullet kom dei ikkje i hug. Dei jamra og klag seg fælt då dei gjekk over husbonden dei hadde mista.

Jula - også tid for Åsgårdrei og Lussi med limen

I det heile var julafta ei farleg tid for underjordiske, troll og vetter. Særleg midnatt sjølve julafta var det fare på ferde. Då gjekk



Dei fekk med seg liket.....

Teikning: Birger Lindanger

Men drengen tykte det sto til og det gjorde også gunnarstadbøndene. Det var ikkje bare det at dei fekk alt gullet og sylvet som var sett på bordet, dei fekk sidan vera i fred for huldrene. Einast året etter kom dei att og hauka ovanfrå lia heim til garden: "Er den stygge kjetta i huset i år og?" "Ja", blei det svara, "og nå har ho fått sju ungar som er heilt like henne sjølv." Då fekk dei fred for huldrene!

Åsgårdreia over bygda. Ho var full av troll, hulder, hekser og kva som kunne finnast av slikt. Om ein var så uheldig å vera utandørs nett når Åsgårdreia gjekk over husa, kunne ein bli gripen opp i lufta og ført mange mil av garde.

Andre skrømt ein laut akta seg for når det gjekk mot jul, var Tollag med lagabyttå og Lussi med limen. Dei var særleg etter ungar som ikkje skikka seg vel. Hadde ein mykje å stå til rettes for, var det lite gildt å koma ut for dette paret



ORDET FRITT



Kunne lese i utgaven av Bokn Bygdablad nr. 8 oktober 97, om at det skulle tas hensyn til helse, sikkerhet og miljø under arbeidet.

Her hos meg har det ikke vært ein og spurt hvordan eg har opplevd, når det arbeides her ute

KOMMENTAR TIL EUROPIPE II I RUTE

på Trosnavåg. Er ikke vi her ute like mye verd, som folket andre plasser på Bokn? Det har vært et mareritt og hadd de store tunge maskinene rundt seg dag ut og dag inn. Men det er vel ikke så farlig med oss her ute i skogen.

Trosnavåg 05.12.97 Hilsen Gerd H. Thuestad



ORDET FRITT



Ei syltynn!

Før i tida fekk du dæ ei bar ei når du tappa dæ et glass vatn ifra kranen heime. Nå e det akkurat som du får dæ ei syltynn, type fuselbefængt. Det smaka det vi nord førr polarserkelen kajlla majnnskit. Sælv æ med smakssansa næsten lik null vil kvæles hvis æ e så uheldig å få i mæ nåkka av det vatnet som tyt ut av kranen. Ka som gjør det veit æ ikkje. Ætte som æ har forstådd blir vatnet sila gjønna marmor, utsatt førr UV-stråla og det som verre e, klora blir det vesst også. Om det e blandinga av klor og marmor pluss en dose ækstralys som framkajlla den mixturen de trur vi nå skal drekk, eller om det e nåkka uhumskheter som har lura sæ i vatnet uten at nån har merka det, det skal vær usagt. Stugt e det i ajlle fajll. Ikkje drekkanes i urænsa telstand. Mine før omtalte smakssansa e ikkje i stand tel å fastslå om detta vatnet har innverkning på kaffen eller teen. Da blir jo vatnet kokt. Om det verke inn på nåkka ajnna man kok veit æ ikkje lenger, men det vijlle være førtæranes gale vesst man ellers har ei brukanes oppskreft.

Kajnn det vær ajll den spylinga de driv på med nå for tida? Meldingane om nattspyling kjæm jo som strøsokker i posten. Kajnn det vær at vatnet nå får sånn fart i rørn at det ikkje får tida tel å telegne sæ den gamle hjæmlige smaken det hadde? Æ trur de nærmast må prøv å la vær å spyl i et par år så de gode gamle bakterian kajnn få boltre sæ i rørn. Lage god boknarsmak på vatnet.

Mange vil nok skyll på sauva og krættur som går rundt og skit akkorat der det passa dæm. Bøndern e det jo så lætt å skyll på. De slæpp sekkert ut en masse silosaft også, med telskott.

Æ blir næsten førrbajinna når det kjæm folk fra Haugesund og påstår at de har bedre vatn der enn vi har her på øyan. Men det kajnn jo

bære vær skryt, det ligg nå lekså tel de byfolkan.

Den første oppgaven den nye ingeniøren som nættopp e kommen bør få, e å få ordna vatnet. Han kajnn vel spekuler ut en fanatisk måte å ordne opp i detta styret på. E det ikkje derfor vi har slike glupe ingeniøra? Men han må få en prøve på gammelvatnet. E det ikkje en eller annen som har en svætt ståanes som de kajnn skjænk nykaren med?


Tel det har fujinne sted vil æ advar ajlle som ikkje vil føl sæ som et dass i kjæften når de har supt i sæ morraskålen. Drekk ikke bart vatn, det e ikkje bart, det e syltynt!

Han Brantzæg i Haugesund har nåkka som heite korallsand. Det e fine greier å rense vatn med, mæn kosta flæsk.

Æ trur nærmast æ må få mæ ei donk med vatn fra Sigerfjorden, dær æ bodde før. Det va skikkelig kjeldevatn. Ikkje nåkka fusel der nei, ikkje i vatnet i alle fajll. Men æ skal vente tel de har prøvd å gjøre nåkka med det lokale brygget.

Så ei lita oppfordring tel slutt: Nå må dokker pinadø lær dokker å læs nordlandsdialækt! Læs det høgt som ho Annette sa tel mora, da gjekk det bra.

Ellers God Jul i stua med kokt vatn!



Bjørn Eirik Gundersen

Takk til alle som støttet oss til basaren!

Hilsen Røde kors besøkstjeneste

HYTTE/HUS

ønskes leid i Bokn til feriebruk.

Interesserte tar kontakt med Lise Berglund,
4770 HØVÅG - tlf. 37 27 46 20

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
51 72 32 87 94 67 08 73

KLOKKER PÅ SKULEKONTORET

- Ei gutteklokke, merke URANUS
- Eit jente/dameur, merke UNITED
- Eit gutte/herre Quartz-ur, med sportsfigurar i talskiva – ukjent merke

Klokkene får du igjen på skulekontoret.

SLEKTERS GANG

FØDDE

- 10.06.97 Wenche L. og Jardar Havikbotn:
Simen Havikbotn
- 15.09.97 Tove og Odd Øyvind Hognaland:
Torgils Hognaland
- 24.09.97 Torny Ø. og Olav L. Rossebø
Sofie Rossebø
- 24.09.97 Åse Bratthammer og Bernhard Våge:
Henry Faltin Våge
- 30.10.97 Laila R. og Andreas Nemeth:
Maria Ramstad Nemeth
Anne Gerd Ramstad Nemeth

DØDE

- 13.06.97 Johannes Emil Geitung
- 06.07.97 Osmund L. Våge
- 20.07.97 Lars Tobias Øvrebø
- 23.08.97 Johan S. Våge
- 30.10.97 Hilda Vågshaug

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds kr. 100,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 300,-

Halvside kr. 150,-

Kvartside kr. 75,-

1/8 side kr. 50,-

Små privata. kr. 10,-

Fastannonse etter avtale

• FORSIDE

Kyrkjeklokka som blei sett opp kring 1600-talet i Bokn, ligg i dag på Bergen Museum

FOTTERAPI

Kvar **fredag**. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.

Eva Brunborg Svendsen
helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.3

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

ADRESSEETIKETT

B-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN


JANUAR

- 05.: Skulestart, Bokn skule kl. 08.25
- 05.: BORK – Ridekurs Ognøy kl 17.30 og 18.30
- 06.: Oppstart barnetrim
06. og
- 11.: BORK – Nybegynnar vaksne og nybegynnarborn på Hognaland, påmelding til Åse tlf. 52748669
- 06.: Start for speidarar og ulv/meis med juletreff i skogen
08. og
- 09.: Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30
- 9.-
- 10.: Førarpatrulja sin planleggingstur til Sandbekken
- 14.: Årsmøte BIL, kl. 19.00 Allrommet
- 17.: Elevkonsert kl. 14.00, Bokn skule – arr. Bokn musikkskule
- 21.-22.-
- 25.: NMS – bedehuset kl. 19.30
- 28.: Hagelagsmøte. Allrommet kl. 19.00
Reidar Risvold viser lysbilder.
Arr.: Bokn Hagelag
- 29.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30 Møte siste torsdag i kvar mnd. t.o.m. mai.
- 29.: Årsmøte, Bokn musikkorps
- 30.-
- 31.: Kretsårsmøte for speidarar – stemmerett frå 15 år

- 31.: Ungdommenes kulturmønstring, lokal mønstring, Bokn skule – generalprøve kl. 14.00

FEBRUAR

- 01.: Ungdommenes kulturmønstring, lokal mønstring, Bokn skule kl. 14.00
- 02.: BORK – Ridekurs Ognøy kl. 17.30 og 18.30



JANUAR

- 04.: Gudsteneste kl 11.00 – Arne Aurdal
- 18.: Gudsteneste kl. 11.00 – Arne Aurdal

FEBRUAR

- 01.: Gudsteneste kl. 11.00 - utdeling 5. klasse – Arne Aurdal

BOKN
KOMMUNE



TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

For å yta deg best mogleg service må me be deg om å avtala tid på førehand for samtalar på dei ulike kommunale kontora. Vennligst henvend deg i ekspedisjonen.

Rådmannen